Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Tilleggsspørsmålnr. 7

Emne: Skav.

Oppskr. av: Peder Petersen.

(adresse): Høylandet i Namdal.

Fylke: Nord-Trøndelag.

Herad: Høylandet.

Bygdelag: Høylandet

Gard: Brendbo

G.nr. 87 Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Til sp. 1. Her i bygda veit eg ikkji at det nokon gong
har vori nokon skilnad i prisen om ei
kui vart selt anten ho hadde fått skav eller
inkje. No er det å merke seg at på Høg-
landet har ein ikkji nytta so mykji skav
i foringa at dette hadde nokon serleg verk-
nad på kvaliteten av dei dyra som vart
selde om våren. I gamal tid var det elles
sjeldan at ein selde kyr om våren. Det var
om seinnaren da dyra gjekk ute på beite-
eller ei heller magre vinterforing – at ein
hadde nytte av dei. Og som slakt var dei om
våren mindre bra.

„ „ 2. Som nemnt ovanfor har det her i bygda
ikkji vorti nytta sers mykji skav som hjelpe-
fôr. Derfor har heller ikkji folk fått nokon
røynsle for at skav hadde nokon uheldig
verknad på kjøttkvaliteten og som gjorde
at kjøttet vart vandt å selge.

„ „ 3. Heller ikkji har eg høyrt gjeti at mjølk frå
ei kui som hadde fått skav var farleg for
kalvar og små grisar. Derimot har det frå
gamal tid vori ei vanleg tru at skav teki
av rogne-tre auka feitt-innhaldet i

mjølka og gav smøret ein fin gulfarge.

Til Sp. 4. Å fastsetta mengda av det skav som vart nytta på dei gamle bruka og dei grunne å er eit rådlaust. Eg vil nemleg hengira merksam på, at skavbeite vart nytta som hjelpefor, og da helst i dei åra det vart dårleg høyavling. Da det dessutan var skav av rogn som folk hev nytta hadde det vorti for lite om „skavskog", om ein kvart år hadde nytta mykje skav i foringa.

" " 5. Til å skave med hav ein hev alltid brukt ein vanleg slirekniv, ikkje noko anna reidskap, det eg veit.

" " 7. Det mest vanlege har vel vori, at dei gardane som ikkje åtte skavskog, ikkje brukte å skavå. Det er elles ikkje mange gardar på Høglandet som ikkje hev meir eller mindre skog lagt til garden. Og soleis og so like grande skavskog. Og dei fe som ikkje åtte skavskog, og som eit elle varme året laut berga atåt noko hjelpefor, fekk gjerne i slike høve hogge skavskog hos ein granne eller sleddning som åtte slik skog og som oftast utan å betala for han. Noko salg eller bortleige av skavskog, veit eg ikkje om.

" " 8. Det har eg grunn til å tru det ikkje vart gjort.

" " 9. Nei.

" " 10. Vanlegvis ikkje. Men eg veit det at det i same høve vart teke inn i husmannskontrakten at bygslaren hadde rett til etter utvisning av gardeigaren å hogge eit visst tal lass skav om året.

" 11 og 12. Ukjent her.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING